

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Måndag 09.12.2019
Tid: Kl. 10:00 – 15.00
Stad: Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde

**Møtet starta med tur til Angedalen for omvising i bygget som skal bli nytt fellesmagasin.
Avreise 10.10 frå SFKM.**

Frå styret møtte: Ivar Kvalen, Hanne B. Oftedal, Arild Bergstrøm, Olve Grotle, Jan-Arve Lund og Eva Marie Felde og Kristin Maurstad, Eva Marie Felde og Kristin Maurstad

Frå adm. møtte: Direktør Kjartan Aa Berge (referent) og museumsfagleg seniorrådgjevar Thomas Walle. Walle deltok ikkje på sak 50/2019. og 52.2/2019.

SAKLISTE:

43/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste
44/2019: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 01.10.2019
45/2019: Møteplan 2020 (vedtakssak)
46/2019: Budsjett 2020 (vedtakssak)
47/2019: Ny stillingsheimel – direktør for forskning og bevaring (vedtakssak)
48/2019: Ny stillingsheimel – direktør for kulturhistorie (vedtakssak)
49/2019: Ny styreinstruks (vedtakssak)
50/2019: Handtering av personalsaker (unnt.off.) (drøftingssak)
51/2019: Orienteringar
52/2019: Ymse

SAK 43/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend.

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend.
Samrøystes

SAK 44/2019: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 01.10.2019

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 01.10.2019 vert godkjend.

Vedtak:

Protokoll frå styremøte 01.10.2019 vert godkjend.

Samrøystes

Vedlegg: *Vedlegg 1 - 2019 10 01 Møtebok – styremøte*

SAK 45/2019: MØTEPLAN 2020 (vedtakssak)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Framlegg til møteplan 2020 for styret med datoar og saker for styremøte er utarbeidd og tilpassa ulike rapporteringsfristar gjennom året.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlagt møteplan 2020.

Vedtak:

Styret vedtek framlagt møteplan 2020 med dei justeringane som kom fram i møtet.

Samrøystes

Vedlegg: *Vedlegg 2 - Års- og møteplan styret 2020*
Vedlegg 3 - Norsk Kalender 2020

SAK 46/2019: BUDSJETT 2020 (vedtakssak)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Janne Gimmestad og Kjartan Aa Berge

Budsjettprosessen:

Budsjettkalender var sendt til leiargruppa/fagforeiningane 30. oktober. Budsjettmal med grunnlag vart gjort tilgjengeleg på felles server fredag 8. november (etter personalsamlinga). 11. november gjennomførte administrasjonen budsjettkonferanse med gjennomgang av mal og føresetnader. Frist for innlevering av avdelingsvise budsjett vart satt til fredag 22. november.

Avdelingsbudsjett er gjennomgått med den enkelte avdelingsansvarlege der det har vore behov.

Budsjettutkastet vart drøfta med fagforeiningane i eige møte den 26.november og med leiargruppa same dag. Justeringar er gjort i etterkant av desse møta i høve til innspel og justering av nivå på kostnader mot erfaringstal. Med utgangspunkt i budsjettutkasta frå avdelingane har administrasjonen utarbeidd eit endeleg framlegg til totalbudsjett for MiSF.

Budsjettprosessen har vore knapp med omsyn til tid, så for 2021-budsjettet er det lagt opp til å starte budsjettarbeidet i juni 2020, med revidering av 2020-budsjettet i april og august.

Budsjetterte inntekter og tilskot:

Økonomiske råmer

Drifta av MiSF er i stor grad basert på offentlege driftstilskot.

Forventa/berekna driftstilskot for 2020 er lagt inn i framlagt budsjett:

Stat:	kr. 38.595.000,-
Fylkeskommune:	kr. 15.789.900,-
Kommunale tilskot:	kr. 7.235.114,-

I budsjettet utgjer offentlege driftstilskot 92 % av samla driftsmidlar, eigeninntekt og andre tilskot utgjer 8 %.

1,9 % er lagt inn som ordinær prisstigning. Lønsstigning ligg inne med ein auke på 2,5 %.

Driftstilskot frå Kulturdepartementet med øyremerkta driftsmidlar til Måløyraidsenteret med til saman 0,653 mill. kr ligg inne i driftsbudsjettet som avdeling MRS. Tilsvarande for Gulatinget med 0,513 mill. Eit enkelt utkast til driftsbudsjett for Måløyraidsenteret og Gulatinget er lagt inn i budsjettet med eit forventa årsresultat lik 0.

Statlege driftstilskot

Beløp er henta frå Kulturdepartementets proposisjon til Stortinget: Prop.1 S (2019-2020) kap. 328: Museums og visuell kunst. Auka i tilskotet er på kr. 1,015 mill. kr (2,7 %).

Fylkeskommunalt driftstilskot

Tilskot frå fylket for 2020 er omsøkt med kr 15,789 mill. kr nominelt, ref. søknad til Vestland fylkeskommune av 29.03.2019.

Kommunetilskota

Driftsavtalene for alle kommunane frå 2016, der en føresett at alle kommunar i regionen bidreg, er utløpt og vi er p.t. avtalelaus på dette området. Kommunetilskota for 2020 er lagt inn med ei auka med 0,106 mill. kr. (3,1 % - kommunedeflator). Hornindal kommune sitt bidrag til Anders Svor Museum er trekt ut, men bidraget til Nordfjord Folkemuseum ligg inne. Avtalane må reforhandlast i 2020. Dette er forankra i punkt 7.11. i revidert strategiplan men ikkje gjennomført p.t.

Nøkkeltal:

Dei finansielle måltala i gjeldande strategiplan er hhv. 2 % resultatgrad og 60% i samla personalkostnad, samt 30% eigenkapitalprosent.

Det er budsjettert med ein resultatgrad på -7,18 % og samla løns- og personalkostnader på 53 %. Sjå grunngeving for resultatgraden nedanfor.

Vurderingar og konsekvensar:

I 2020-budsjettet er det også innarbeidd nokre justeringar på personalsida. For

administrasjonen er det lagt inn økonomikonsulent og to klyngedirektører. På Kystmuseet vil vi få ein vikar i nåværande avdelingsleiar sin permisjon. Sunnfjord Museum er bemanna opp som på tidligare nivå. På DHS-Sogn Folkemuseum er det endringar i personalsammensetninga med nokre naturlige avgongar. Kunstmuseet har eit 12 månedars engasjement innebygd i budsjettet, men for Norsk Kvernsteinsenter er det ingen endring. Norsk Reiselivsmuseum får ein ny heimel som museumsvert budsjettet inn frå april etter intern omrokering.

Svært høg eigenkapitalandel:

Eit estimat på den den akkumulerte eigenkapitalandelen til MiSF syner at den blir til om lag 40% (20 millionar kroner) ved utløpet av 2019. I strategiplanen er det mål om minimum 30% eigenkapital, eller 15 millionar kroner. Den betyr at overskytande eigenkapitalandel er om lag 5 millionar kroner for høgt i høve til vårt eigenkapitalkrav. MiSF er såleis svært solid.

Stort akkumulert positivt resultatavvik:

For 2019-budsjettet la vi opp til ein resultatmargin på 1%, men slik situasjonen ser ut vil årsresultatet overstige 2% med ein betydeleg margin, slik det også vart i 2017 og 2018.

Når ein analyserer budsjettet årsresultat med faktisk oppnådd resultat i perioden 2015 til 2019 viser dette at det er eit akkumulert positivt budsjettavvik på 16,3 millionar kroner (sjå vedlegg 6). Dette resultatet *kan* sjåast på effekten av god økonomistyring, men det kan også sjåast på som det motsette; at MiSF får for store tilskot og/eller at vi ikkje evnar å nytte oss av dei tilskota vi får tildelt.

Rammevilkåra endrast i 2021:

I 2020 går MiSF inn i Vestland fylke. Her er MiSF «storebror», og får størst kronemessig statleg og fylkeskommunal driftsstøtte av alle dei konsoliderte musea i Vestland. MiSF har ein andel på statleg finansiering på 62%, medan den fylkeskommunale og kommunale er på 38%. For Hordalandsmusea er det motsett; statleg finansiering på 38%, medan den fylkeskommunale og kommunale er på 62%. Vi veit også at dei to største musea i Bergen, KODE og Bymuseet i Bergen har ein krevjande økonomi.

Vi er kjent med at det ikkje blir vesentlege endringar på statlege og fylkeskommunale driftstilskot i 2020. Venteleg blir det heller ingen store endringar i den kommunale tilskota i 2020 heller.

Men Kulturdepartementet har gjort det klart at modellen for statleg og fylkeskommunal finansiering blir endra frå og med 2021. Korleis det blir – utover at tilskota samla sett blir på dagens nivå - veit vi ikkje, men det er administrasjonen si vurdering at det ligg føre ein betydeleg inntektsrisiko i 2021.

Omlagging av intern budsjettprosess i 2020:

Reint teknisk vil vi i 2020 legge om budsjettprosessen. Det planleggast mellom anna eit strategi- og budsjettseminar med styret i juni (jfr sak 45/20). I tillegg vil det bli gjennomført budsjettrevisjonar i april og august. Det planleggast å legge fram ein budsjettrevisjon i samband styremøtet i juni 2020. Desse revisjonane vil gjere det enklare å omprioritere og justere budsjettet løpande.

Store ekstraordinære interne behov:

Administrasjonen meiner at budsjettåret 2020 vil bli eit utfordrande år då det er planlagt fleire naudsynte, men krevjande ekstraordinære prosessar i tillegg til drifta, mellom anna:

- Gjennomføring av neste fase i organisasjonsutvikling (ref sak 41/2019)
- Ombygginga i Angedalen og førebuing av flytting av gjenstandar (ref statleg og

- fylkeskommunal løyving)
- Lukking av tilsynssaka ved Sunnfjord Museum (ref sak 19/2019)
- Løyving til skisseprosjekt for Sunnfjord Museum (ref sak 19/2019)
- Behov for å gjennomføre vedlikehald på antikvariske bygg med ein kritisk tilstand på fleire avdelingar (jfr pågåande bygningsvernundersøking til Kulturrådet og gjeldane sikringsplan)
- Nye dataløysingar

Tilråding:

Budsjettåret 2020 har relativt føreseielege rammar, og MiSF har svært god økonomi. I tillegg er likviditeten i MiSF god. Dessutan blir kapasiteten i administrasjonen på økonomistyring og rapportering styrkt vesentleg. På dette grunnlaget er det administrasjonen sin vurdering at det er forsvarleg å fråvike frå kravet om 2% resultatgrad og akseptere eit budsjettert underskot på 4,8 millionar kroner for budsjettåret 2020. Sjølv om det er lagt opp til eit større underskot er det administrasjonen si vurdering at det strategiske eigenkapitalkravet på 30% ikkje er truga.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til budsjett for 2020.

Vedtak:

Styret vedtek framlegg til budsjett for 2020.

Samrøystes

Vedlegg:

Vedlegg 4 - Arbeidsbudsjett 2020 Total

*Vedlegg 5 - Arbeidsbudsjett
2020_avdelingsvis*

*Vedlegg 6 – Oversyn over budsjettavvik og
EK-utvikling*

SAK 47/2019: NY STILLINGSHEIMEL – DIREKTØR FORSKING OG BEVARING (vedtakssak)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedtaket i sak 41/2019 der styret tok avgjerd om ny prinsippmodell for organisering, den såkalla funksjonsdelte klyngemodellen. Vedtaket medfører at det skal etablerast ei fagklynge for forskning og bevaring. Denne klynga skal leiast av ein direktør. Vi har per i dag ikkje ein stillingsheimel til denne rolla. Det leggst til grunn at det er budsjettmessig dekning for etableringa av denne stillingheimelen før rekruttering vert gjort.

Direktøren ber med dette om at slik heimel blir etablert.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner at det etablerast ein ny stillingsheimel som direktør for forskning og bevaring.

Vedtak:

Styret godkjenner at det etablerast ein ny stillingsheimel som direktør for forskning og bevaring.

Samrøystes

Vedlegg:

*Vedlegg 7 – Vurdering av lønsramme
klyngedirektørar*

SAK 48/2019: NY STILLINGSHEIMEL – DIREKTØR KULTURHISTORIE (vedtakssak)**Saksansvarleg:**

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedtaket i sak 41/2019 der styret tok avgjerd om ny prinsippmodell for organisering, den såkalla funksjonsdelte klyngemodellen. Vedtaket medfører at det skal etablerast ei fagklynge for kulturhistorie. Denne klynga skal leiast av ein direktør. Vi har per i dag ikkje ein stillingsheimel til denne rolla. Det leggst til grunn at det er budsjettmessig dekning for etableringa av denne stillingheimelen før rekruttering vert gjort.

Direktøren ber med dette om at slik heimel blir etablert.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner at det etablerast ein ny stillingsheimel som direktør for kulturhistorie.

Vedtak:

Styret godkjenner at det etablerast ein ny stillingsheimel som direktør for kulturhistorie.

Samrøystes

Vedlegg:

*Vedlegg 7 – Vurdering av lønsramme
klyngedirektørar*

SAK 49/2019: NY STYREINSTRUKS (vedtakssak)**Saksansvarleg:**

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Gjeldande styreinstruks er eit resultat fleire tilpassingar og justeringar av ein instruks som vart vedteken i 2011. Denne instruksen har etter kvart blitt krevjande og komplisert å handheve. Det er behov for ein ny styreinstruks som sikrar eit godt og konstruktiv styrearbeid og som samstundes tek i vare omsyna til offentleglova. På den bakgrunn har administrasjonen utarbeidd eit framlegg til ny styreinstruks.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til ny styreinstruks.

Vedtak:

Styret vedtek framlegg til ny styreinstruks med dei endringane som kom fram i møtet.
Samrøystes

Vedlegg:

V 8 2018 08 29 Dagens Styreinstruks_signert
V 9 2019 11 29 Framlegg Ny styreinstruks
2019

SAK 50/2019: HANDTERING AV PERSONALSAKER (Unnt. Off.) (drøftingssak)**Saksansvarleg:**

Styreleiar

Saksutgreiing:

Det er eit ønske om å drøfte styret si rolle i samband med handtering av personalsaker.

Styreleiar sitt framlegg til vedtak:

Styret ber administrasjonen kome tilbake med ei sak som presiserer styret si rolle og ansvar i samband med handtering av personalsaker innan 30.april 2020.

Vedtak:

Styret ber administrasjonen kome tilbake med ei sak som presiserer styret si rolle og ansvar i samband med handtering av personalsaker innan 30.april 2020.

Samrøystes

Vedlegg:

Vedlegg 10 – 2019 11 22 Varslingsrutinar for
tilsette ved MiSF

SAK 51/2019: ORIENTERINGAR

- **Rekneskap mot budsjett**
Rekneskapen er gjort opp for oktober.

Vedlegg:

Vedlegg 11 – Økonomirapport oktober 2019

- **Sjukefråvær**

Sjukefråvær	pr. 31.07.2019	pr. 31.10.2019	Endring
Eigenmelding	0,87%	0,96%	0,09%
Sjukemelding < 16 dg	0,30%	0,45%	0,15%
Sjukemelding > 16 dg	3,14%	3,07%	-0,07%
Totalfråvær	4,31%	4,49%	0,17%

- **Besøksstatistikk 2019**

Det er svært varierende tal, men samla årsvekst er minus 11,8% ved utløpet av november.

Vedlegg: Vedlegg 12 - Besøksstatistikk oktober 2019

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

Sjå vedlegg.

Vedlegg: Vedlegg 13 – 2019 11 Aktivitetsrapport frå avdelingane

- **Status fellesmagasin i Angedalen**

7.oktober vart det kjent at Kulturdepartementet vil løyve 40 millionar kroner til nytt fellesmagasin i Angedalen. Dette prosjektet er dermed fullfinansert. Det er sett i verk planarbeid for å førebu ombygging. Målet er at det nye magasinet skal vere klart til 1.januar 2022.

- **Sunnfjord Museum – framdrift på løysing av tilsynssaka**

Proessen med å rette opp avvika i rapporten til Arbeidstilsynet frå 2016 pågår. Det er no engasjert ekstern prosessrådgjevar, og planen er at avbøtande tiltak blir utført hausten 2020 og vinteren 2021. Dette er ei forskyving av tidsskjema enn planlagt, men er mellom gjort mellom anne grunna omsyn til avviking av sesongen 2020.

- **AMU-undersøkinga**

Arbeidsmiljøundersøkinga er drøfta i AMU og resultatata er gjort kjent internt. Undersøkinga vart gjennomført i perioden 4. - 24.september 2019. Undersøkinga har 14 spørsmål som kan scorast på ein skala frå 1 til 6 der seks er best. Samla gjennomsnitt for undersøkinga er 4,2. Gjennomsnittet i 2018 var 4,4.

Jfr strategiplanen skal vi ha eit særskilt fokus på spørsmål 13 «Fagleg samarbeid på tvers i MiSF». Måltalet er 4. Scoren i årets undersøking er 2,8. Dette er same score som i 2017.

Vedlegg: Vedlegg 14 - 2019 11 14
Medarbeiderkartlegging 2019 rapport

- **Framdrift organisasjonsprosess**

Som ein konsekvens at styret sitt vedtak om ny organisasjonsmodell (jfr sak 41/2019) er det no etablert ei arbeidsgruppe som skal utarbeide implementeringsplan for det vidare arbeidet. Denne gruppa, som har fått namnet «Organiseringsutvalet», består av representantar frå Forskerforbundet og MAF, hovudverneombod, samt økonomisjef, museumsfagleg seniorrådgjevar og administrerande direktør. Gruppa vil ha ei rolle som fast koordinerings- og kommunikasjonspunkt for dei prosessane som kjem. Gruppa skal også ha ei rolle i å sikre at prosessane blir gjennomført etter rådande regleverk i arbeidslivet.

Implementeringsplanen er snart klar og vi gjennomfører no ein siste kvalitetssikring opp mot prosess, arbeidsrett, kommunikasjon og rekrutteringss spørsmål. Planen skal vere klar i veke 49.

6. og 7.november vart det gjennomført ei personalsamling i Førde. Denne samlinga var eit felles prosjekt mellom fagforeiningane og arbeidsgjevar og markerte 10 årsjubileum

for samarbeidet mellom fagforeiningane og arbeidsgjevar. Her bidrog både Forskerforbundet, bedriftshelsetenesta og PwC med innlegg for å setje lys på ulike sider av samarbeid mellom fagforeiningane og arbeidsgjevar generelt, og omstillingsprosessar spesielt. 44 tilsette deltok på personalsamlinga. Organisasjonsprosessen og vegen vidare vart særskilt drøfta i plenum. Administrerende direktør hadde i samband med dette ein presentasjon som også vart sendt ut med fredagsposten til alle tilsette 8.november (sjå vedlegg). I samband med samlinga besøkte vi bygget i Angedalen der deltakarane fekk omvising.

Administrasjonen jobbar også med ei løysing med ekstern rådgjeving knytt til arbeidsrett, HR og omstillingsprosessar. Denne løysinga er venteleg på plass i veke 49.

Vedlegg: *Vedlegg 15 - 2019 11 29 Førebels
implementeringsplan
Vedlegg 16 – 2019 Personalsamling_MiSF-
modellen*

- **Møte med Balestrand kommune**
Styreleiar og administrerende direktør møtte ordførar og rådmann i Balestrand kommune 12.november. Dette møtet kom i stand etter invitasjon frå Balestrand kommune. Som eit direkte resultat av møtet er det planlagt å arrangera ei felles skaparsamling 13.januar 2020 om Norsk Reiselivsmuseum og lokalt samarbeid.
- **Møte med Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane**
28.november deltok direktøren på møte med eigarstyret til Kystmuseet. Bakgrunnen for deltakinga var ønske frå eigarstyret om orientering om MiSF sine tankar om samanslåing med Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane, samt informasjon om organisasjonsprosessen internt i MiSF. Eigarstyret skal deretter ha gjort avgjerd om å gå vidare med ein samanslåingsprosess.
- **Status deltaking på eksterne møteplassar/aktørar**
Administrerende direktør og museumsfagleg seniorrådgjevar har delteke på fleire viktige og relevante møter sidan førre styremøte.

Museumsfagleg seniorrådgjevar:

- 2.oktober: Invitert som gjest til Brukerforum og Samlingsråd for musea i Hordaland, Bevaringstenestene (det er snakk om at MiSF etter fylkessamanslåinga blir fast medlem)
- 11.oktober: Statssekretær Frida Blomgren på synfaring til eskefabrikken i Angedalen, i høve tildelinga over Statsbudsjettet
- 14-15.oktober: Seminar i regi av Mangfoldsnettverket og Demokratinettverket (knytt til deltaking i prosjekt med midlar frå Kulturrådet)
- 22.oktober: Kulturrådets årskonferanse, panelsamtale med prof. Fanny Duckert og lege Kaveh Rashidi om «Utenforskap: Individuelle erfaringer, strukturelle problemer?»
- 8.november: Dialogmøte om ny organisering av ansvaret for kulturfeltet, Kulturdepartementet/Vestland fylke
- 15.november: Redaksjonsmøte (+lansering), Norsk Museumstidsskrift
- 21.november: Avslutningskonferanse for prosjektet «Inkluderende museer» (jeg har tidligere holdt foredrag for deltakerne, og var også invitert på festmiddagen etter konferansen)
- 22.november: Styremøte, Museet Midt (Namsos), jeg er jo personlig oppnevnt,

men sitter der i kraft av å representere museumsfaglig kompetanse i et distriktsmuseum

2.desember: Moderator for panelsamtale under Nordic Dialogues (Kulturrådet), avslutningskonferanse for prosjektet «Inkluderende kulturliv i Norden» (2017-2019), finansiert av Nordisk Ministerråd/KUD

Administrerende direktør:

22.oktober: Kulturrådets årskonferanse

8.november: Dialogmøte om ny organisering av ansvaret for kulturfeltet, Kulturdepartementet/Vestland fylke

12.-13.november: Deltaking på Norsk Publikumsutvikling sin konferanse; «Vi må snakke om penger»

2.-3.desember: Norsk Kulturråd sin nettverkskonferanse

4.desember: Norsk kulturråd: Innspelskonferanse om verksemdstyring, med innlegg om moglege resultatindikatorar for verksemdstyring: Organisering og strategi, drift og økonomi.

- **Status tilsettingar**

Det er tilsett ny økonomikonsulent. Han tek til i stillinga 1.mars 2020. Avdelingsdirektør ved Kystmuseet har 12 månaders permisjon frå 4.desember. I samband med dette er det utlyst eit vikariat som avdelingsleiar ved avdelinga. Det pågår prosessar med tilsetting av vikariat som avdelingsleiar ved Kystmuseet og kurator ved Kunstmuseet.

- **Utvida kontorkapasitet**

På bakgrunn av utvida kontorbehov i Sunnfjord har MiSF inngått avtale om å leige to kontorplassar ved Peak Sunnfjord i Førde.

SAK 52/2019 YMSE

1. Tildeling av Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt BKH-stipend 2019

BHK-stipendet går til Geir S. Hjetland.

2. P-sak (unnt. Off.)

Styret drøfta konkret sak fremja av styreleiar. Saka vart avslutta.

Vedlegg: *Vedlegg 17 - Vurdering*
 Vedlegg 18 - Rapport
 Vedlegg 19 – Brev

Ivar Kvalen
Styreleiar

Hanne B Oftedal
Styremedlem

Olve Grotle
Styremedlem

Arild Bergstrøm
Styremedlem

Jan-Arve Lund
Styremedlem

Eva Marie Felde
Styremedlem

Kristin Maurstad
Styremedlem